

Ny skogsveg er klar til bruk på Fjellandsbø.

06.10.2020



Den 574 meter lange vegen går frå Fjellandsbøvatn til påkopling av eksisterande skogsveg i Åsaredalen.

Den nye skogsvegen på Fjellandsbø er teken i bruk. Skogsvegen fungerer også som turveg i Åsaredalen mot turmålet Leiteshaugane. Traseen er også ein trygg og god veg fram til tunet på Fjellandsbø.

Den knappe 600 meter lange skogsvegen er grusa. Vegen lettar tilkomsten til dei to bruka på Fjellandsbø.

I saka om skogsvegar og løyving kjem det fram at vegen er privat, men skal vera open for allmenn ferdsel, for turgåarar, dei som sykklar og for ridande. Skogsvegen er stengd for motorkøyretøy utanom landbruksdrifta. Alle ferdsel skal til ei kvar tid vera i samsvar med Friluftsløva.

Vegen er knytta opp til eksisterande skogsveg i Åsaredalen.

Tekst/foto/nett: Kristian Birngedal